

Uskedal, 15.05.2018

## Kommentar til nabovarsel.

Tiltak på gnr. 129 bnr. 4 i Kvinnherad.

Nabovarselet vart levert og kvitert for 04.05.2018.

Vedlagte teikningar/ planar er sterkt nedfotografert, og det er ikkje mogeleg å lesa mykje av tekstane og tala som er påført. Når bygget kjem så tett på oss, burde det og kome fram meir om innhaldet i bygget.

Eg meiner derfor at nabovarselet ikkje er fullstendig, og vil tillata meg å koma med meir utfyllande kommentarar når meir fullstendig plan-/ teikningsgrunnlag føreligg. Svein Åge Vangdal hjå TINE BYGGPLANLEGGING har lova å senda dette.

Som eigar av gnr.129 bnr.1 i Kvinnherad tillet eg meg å koma med fylgjande merknader:

### Røre -/ fyllestasjon for gylle:

Røre-/ fyllestasjon for gylle vil koma svært tett innpå huset og tunet vårt. Ein må pårekna større ulemper i form av støy og lukt både under røring og under fylling.

### Trafikkavvikling:

Det er svært begrensa trafikkareal, og felles veg ligg tett inntil bustadhuset vårt. Både langs husvegg og rundt hushjørne, er avstand frå husliv til vegkant ca. 1,0 m.

Ved utkøyring av gylle, vil det på grunn av stigningstilhøva på vegen, vera naturleg å nytta den øvre fellesvegen til fyllestasjonen, og den nedre frå.

I tillegg må ein pårekna ein god del trafikk til og frå det nyopprusta lageret i den gamle bygningen.

Trafikksituasjonen er i dag ugunstig, og vil bli langt verre, med tanke på både trafikktryggleik og støy.

Y Kvinnherad kommune	
24 MAI 2018	
Saksnr.: 18/1583	U.off.:
Saksbeh.: KTH	Kopi:

### **Generelle nærføringsulemper:**

Ein så stor driftsbygning så tett innpå hus og tun vil medføra nærføringsulemper frå stor aktivitet både i og rundt bygget. Dette er mellom anna ulemper frå trafikkstøy, mekanisk støy, støy og luftplager frå dyrehaldet i bygget.

### **Tap av utsikt:**

Slik nybygget er plassert, vil vi mista ein vesentleg del av utsikt mot nære område som gardane/ tuna på Øvre Døssland, og fjernare område som gardane/ tuna på Kjærland og naturlandskapet i store deler av Kjærlandslia/Hauglandsfjellet.

Dette er kjære stader som vi ofte vender blikket vårt mot frå dei sentrale delene av tunet vårt, og som er ein av kvalitetane ved å bu oppunder Englafjell.

I staden for dette vil vi sjå rett inn i ein høg og lang bygningskropp. Samla lengde på gammal/ nybygg er 40 lm.

### **Er det for enkelt å kalla tiltaket eit tilbygg?**

Grunnflata på den gamle løa er ca. 136 m<sup>2</sup>.

Grunnflata på nybygget er ca. 370 m<sup>2</sup>.

Det som er att av den gamle løa er grunnmur i gråstein og noko bindingsverk i vegger. Taket er skifta, sperrer er skifta, alle innvendige dekker og oppdelingar er fjerna. Alle horisontale bere – konstruksjonar er fjerna og erstatta med limtredegarar. Ny kledning er ikkje montert, men vil bli montert. Golv i gjødselkjellar skal piggast opp og støypast nytt. Det skal støypast betongmur på innsida av gråsteinsmur i gjødselkjellar.

Gammal:

Eit skal der grunnmur(gråstein), og deler av bindingsverk i vegger er att, ca. 136 m<sup>2</sup> grunnflate.

Ny:

Komplett bygg, ca. 370 m<sup>2</sup> grunnflate.

Er det råd å bruka litt skjønn og få til noko konstruktivt og framtidsretta, eller skal ein tøya lovverket for å gjera ein frå før uheldig situasjon endå verre?

Under synfaringa i samband med tidlegare konsesjonssak, vart det sagt tydeleg av kommunen sin representant Karin Tauland at ny løe måtte byggjast annan stad på bruket. Dette er og teke med i det skriftlege referatet frå synfaringa.

Nabovarselet viser, i praksis, ein ny driftsbygning, på same staden, som til saman har ei grunnflate som er opp mot fire gonger så stor som den gamle løa.

Det er mange stader på bruket ein kan finna ei høvelegare tomt, der ein driftsbygning kan liggja fritt, funksjonelt og uavhengig, med minimal nedbygging av dyrka mark.

Ut frå påbygget sin storleik, funksjon og innhald, samt det vesle som er att av opprinneleg løe og dei betydelege ulemper tiltaket medfører for drifta på bruket mit, br.nr.1, er min påstand at tiltaket utløyser krav om behandling etter jordloven §1.

Eg tillet meg å be om at det vert halde synfaring på staden, før saka skal handsamast i Forvaltningskomiteen.

Viser elles til, som det er nevnt innledningsvis, at utfyllande kommentarar vil bli ettersendt.

Med venleg helsing!



Ivar Kåre Døssland, eigar av gnr. 129 bnr. 1.

